



Byggadministrasjon Harald Bjørndal As  
Sveinung Aarvik  
Postboks 103  
5649 Eikelandssosen

| Referansenr. | Saksnr. | Saksh.                                                      | Dykkar ref. | Brevdato   |
|--------------|---------|-------------------------------------------------------------|-------------|------------|
| 26/66944     | 26/3252 | Geir Heldal<br>56 57 50 00<br>post@bjornafjorden.kommune.no |             | 26.06.2026 |

### Løyve til tiltak - 207/14, Neset 45 - Fjerning og etablering av nytt avløpsanlegg

Tiltak: nytt avløpsanlegg  
Byggjestad: Gbnr: 207/14  
Tiltakshavar: Finn Verner Åsvang  
Sundvorvegen 1317  
5647 Baldersheim  
Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjon Harald Bjørndal As  
Postboks 103  
5649 Eikelandssosen

Delegasjonssak nr.: 612/2026

#### Vedtak

**Bjørnafjorden kommune gir løyve i eitt-trinn for nytt avløpsanlegg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan mottatt 09.06.26 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkår sett i løyve til utslepp, delegasjonssak 411/2026, sak 26/4350 datert 07.05.26 skal følgjast
  1. Vedtak etter Lov om havner og farvann skal liggja føre før arbeidet vert sett i gang. Vilkår sett i dette løyve skal følgjast.
  2. Tiltaksklasse blir godkjend slik det er søkt om.

Vedtaket er gjort med heimel i pbl. § 20-1, jf. § 20-3.

#### Vedtak om personleg ansvarsrett

Det vert søkt om personleg ansvarsrett for UTF grunnarbeid.  
Det er kome inn kopi av medhjelpars kompetanse.

Vi vurderer at dokumentasjonen viser at du med medhjelparar har den naudsynte kompetansen til å ta ansvar for tiltaket, og godkjenner derfor søknad om personleg ansvarsrett for alle funksjonar i tiltaket jf. SAK10 § 6-8.

**Før det blir gitt ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge føre:**

1. Ferdigattest / mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.



### Generelle vilkår:

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, og ein må ha fysisk sett i gang tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg igangsett før dette, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Informasjon om tilsyn**

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område i 2025 jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.

## **1. Saksopplysningar**

### **1.1. Tiltak**

Saka gjeld søknad om oppføring av nytt avløpsanlegg. Eksisterande avløpsløyving fjernes og sanerast, og det etablerast nytt avløpsanlegg beståande av avløpsrør i grøft, slamavskiljar og avløpsrør i sjø.

Det blir elles vist til søknad motteke 09.06.2026.

### **1.2 Planstatus**

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Baldersheim skule, planid: 1241198401 er definert som bustad.

Sjøområde der utsleppet skal førast er uregulert og er avsett til friluftsområde (VFR).

Byggesaksavdelinga vil i denne samanheng vise til følgjande:

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet har sagt følgjande om nedgrave leidningar i



høve § 1-8 og LNF-område:

*«Kummer, stikkledninger mv. på egen eiendom, som er plassert i direkte tilknytning til byggverk omfattet av tillatelse etter plan- og bygningsloven, vil ikke kreve egen tillatelse eller dispensasjon selv om anlegget blir liggende i LNFR-område og/eller strandsonen. Vi ser det da slik at disse tiltakene er en del av tillatelsen for byggverket. Legging av ledninger i grunnen i LNFR-områder eller i strandsonen for øvrig, vil være søknadspiktig, og dersom tiltaket kommer i strid med arealformålet eller vil vanskeliggjøre gjennomføringen av planen, eller kommer i strid med de hensyn som ligger bak strandsonevernet, vil tiltaket kreve vanskeliggjøre landbruksdriften. Dersom ledningen enkelte steder på dyrkbar mark har forbindelse med overflaten, men ellers ikke gir spor, f.eks. kummer og lignende, vil tiltaket likevel kreve dispensasjon. Det vil i så fall være naturlig at hele tiltaket blir vurdert i dispensasjonssammenheng. Dispensasjon vil også være påkrevd dersom legging av ledninger fører til varige sår eller arr i naturen, herunder åpninger i vegetasjonen.» dispensasjon. Hvorvidt dispensasjon er påkrevd må avgjøres ut fra en konkret vurdering i det enkelte tilfelle. Dersom ledningene legges i grunnen på en måte som ikke vil gi varige sår i terrenget eller vanskeliggjøre gjennomføringen av planen, er ikke dispensasjon nødvendig. Det vil f.eks. være tilfelle der ledningene legges i en veg, eller på dyrket mark så langt ned i grunnen at det ikke*

Utifrå dette finn byggesaksavdelinga at omsøkte tiltak ikkje krev dispensasjon frå arealføremålet eller forbod mot bygging innafor 100 meters belte langs sjø.

Når det gjeld sjøområde viser byggesaksavdelinga til arealdelen av kommuneplanen for Fusa punkt 6,13, Der står det:

*«Innanfor 100-metersbeltet frå sjø og vassdrag er det på friluftsområde som er opne for ålmenta, tillate med miljøvennlege anlegg og innretingar for bading, opphald, tilkomst, bruk og drift, under her toalettanlegg og føremålstenlege mindre kaianlegg utan krav om reguleringsplan eller dispensasjon frå byggeforbodet i 100-metersbeltet, jf. PBL § 11-1.»*

Utifrå dette finn byggesaksavdelinga at omsøkte tiltak ikkje krev dispensasjon frå arealføremålet sjø eller forbod mot bygging innafor 100 meters belte langs sjø.

### 1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### 1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 27.03.26.

Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

### 1.5. Vatn og avløp (VA)

Eigedommen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2 2.

Løyve til utslepp er gitt i delegasjonssak 411/2026, sak 26/4350 datert 07.05.26.

### 1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering



Ikkje relevant.

### **1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve**

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

### **1.8. Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

### **1.9. Uttale frå anna mynde**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna mynde.

## **2. Andre vurderingar**

### **2.1. Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **2.2. Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå sektormynde. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## **3. Andre opplysningar**

### **3.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

### **3.2. Mynde**

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **3.3. Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.

Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen

Geir Heldal



Leder - Byggesak

Ingeniør - Byggesak

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

207/14, Neset 45 - Søknad om fjerning og etablering av nytt avløpsanlegg

Situasjonsplan

207/14 - Løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg

Førehandsuttale frå Bergen Havn

Gjennomføringsplan

**Kopi til:**

Finn Verner Åsvang

Sundvorvegen 1317

5647

Baldersheim